

BACHELOROPPGÅVE

Ungdom og funksjonshemming


av

Kjersti Vikheim

Vernepleie
VE 530 101
2006



*UNGDOM
OG
FUNKSJONS-
HEMNING*



INNHALDSLISTE:

1.0 INNLEIING	s. 1
1.1 Avgrensing og presentasjon.....	s. 1
1.2 Metode.....	s. 2
2.0 TEORETISKE OMGREP	s. 3
2.1 Ungdom - frå barndom til vaksenliv.....	s. 3
2.2 Funksjonshemma.....	s. 5
2.3 Sosial tilknytning.....	s. 6
2.4 Sjølvbilete.....	s. 7
2.5 Livskvalitet.....	s. 8
3.0 FUNKSJONSHEMMA UNGDOMMAR SIN SOSIALE TILKNYTING	s. 9
3.1 Tilknytning i familien.....	s. 10
3.2 Tilknytning i skulen.....	s. 12
3.3 Tilknytning til jamgamle.....	s. 14
3.4 Einsemd.....	s. 16
3.5 Mine tankar kring temaet.....	s. 17
4.0 FUNKSJONSHEMMA UNGDOMMAR SITT SJØLVBILETE	s. 18
4.1 Skuletrivsel og sjølvbilete.....	s. 19
4.2 Utsjånad og sjølvbilete.....	s. 19
4.3 Foreldreinvolveringa sin samanheng med ungdommar sitt sjølvbilete...s.	21
4.4 Holdningar og diskriminering.....	s. 22
4.5 Mine tankar kring temaet.....	s. 23
5.0 AVSLUTNING	s. 24

Litteraturliste

1.0 INNLEIING

Temaet ungdom og funksjonshemming er noko eg har genuin interesse for. Eg har valt å skrive om gruppa fysisk funksjonshemma, ei gruppe som ein har relativt lite kunnskap om i Noreg. Andre grupper funksjonshemma, som til dømes utviklingshemma, har gjennom store reformer og forskning vorte følgt nærare opp. Sidan det er via liten merksemd kring menneska med fysiske funksjonshemmingar og dette temaet, er det heller ikkje vorte skrive mange bøker på området (Grue, 1999).

Talet funksjonshemma i befolkninga stig bratt med alderen. 5% av born under 16 år vert rekna som funksjonshemma, medan om lag 10% av menneske mellom 16 og 44 år har ein eller fleire funksjonshemmingar (Hatland m.fleire, 2001). På bakgrunn av dette er det nærliggande å tru at det er mellom 5 og 10% av alle ungdommar i Noreg som kan definerast som funksjonshemma. Dette er ei stor gruppe som vernepleiarane i vesentleg grad vil komme i kontakt med. Eg har difor valt bacheloroppgåva til å auke min kunnskap og kompetanse om ungdom og funksjonshemmingar. Problemstilling for oppgåva er definert slik;

”Ein teoretisk studie av fysisk funksjonshemma ungdom i Noreg med hovudvekt på sosial tilknytning og sjølvbilete.”

1.1 AVGRENSING OG PRESENTASJON

Det å vere fysisk funksjonshemma ungdom i Noreg er utfordrande då denne tida er ein omfattande utviklingsperiode. Tema som sosial tilknytning og sjølvbilete spelar ei viktig rolle. I tillegg har eg valt å avgrense oppgåva til å skrive om menneska med synlege funksjonshemmingar, som til dømes rørslevanskar. I oppgåva vil omgrepa funksjonshemma og funksjonsfriske bli nytta når eg omtalar dei ulike gruppene, omgrepet funksjonshemma vil bli definert seinare i oppgåva.

Oppgåva startar med ein metodedel som inneheld omtale av kjeldeval og dei mest nytta forfatarane. Deretter vil teori om det å vere ungdom bli presentert, kva det vil seie å vere funksjonshemma, sjølvbilete og sosial tilknytning. Eg har òg valt å ta med eit avsnitt om

livskvalitet, sidan graden av sosial tilknytning og sjølvbilete er sterkt knytt til opplevinga av kor godt ein har det, altså kor god livskvalitet ein har. Drøftingsdelen tek først føre seg fysisk funksjonshemma ungdommar sitt sjølvbilete, der skuletrivsel, utsjånad og foreldreinvolvering kan verke inn på den enkelte ungdom sitt sjølvbilete. I denne samanhengen vert det òg naturleg å poengtere ulikskapar mellom gruppene funksjonshemma og funksjonsfriske ungdommar.

Den andre delen omhandlar ungdommar sin sosiale tilknytning. Eg har her valt å drøfte betydinga av tilknytning i dei tre sosialiseringsarenaene familie, skule og fritid/jamgamle samvær. Desse tre arenaene utgjer det ytre landskapet til ungdommen og vil ha mykje å seie i forhold til utvikling av sjølvvet og identiteten til den enkelte.

Etter dette blir det gjort greie for folk sine holdningar til funksjonshemma menneske, og diskutert korleis desse kan vere med på å diskriminere ei stor gruppe i den norske befolkninga. Dette meiner eg er relevant å ha med fordi andres holdningar er med på å påverke eins sjølvbilete. Alle menneske er sosiale vesen som speglar oss i andre sine reaksjonar på vårt utsjånad og våre handlingar.

Oppgåva vert oppsummert med ei avslutning, der eg gjer kort greie for kva eg har komme fram til.

1.2 METODE

Metode er læra om å samle inn, organisere, bearbeide, analysere og tolke sosiale fakta på ein systematisk måte, slik at vår forsking går an å etterprøve for andre. Vidare kan ein seie at metode er eit reiskap og ein framgangsmåte for å løyse problem og komme fram til ny kunnskap (Jacobsen, 2000).

Denne oppgåva er ein litteraturstudie. Dette vil seie at forfattaren finn og nyttar relevant litteratur frå lærebøker og offentleg publikasjon som til dømes rapportar frå NOU (Norges offentlege utredningar), stortingsmeldingar og internettsider. Kjeldene eg har nytta er sekundære, det vil seie data som er samla inn av andre enn forskaren, ofte med eit anna formål enn det forskaren har (Jacobsen, 2000). Det er her viktig å vere medviten på utvalet av kjelder til data. Spørsmål ein må stille seg er; kven har samla dei inn, kvar kjem dei frå, kor

truverdige er dei, kor gamle er dei, og så vidare. Sidan forskning stadig er i utvikling og det stadig kjem nye kjelder, er det viktig å sjå på kor truverdig desse er i forhold til kor gamle dei er (Jacobsen, 2000).

Kjeldene er supplert med innspel eg fekk etter private samtalar med ei funksjonshemma venninne. Samtalane med henne gav nyttig informasjon og nokre tankevekkjarar kring dei aktuelle temaa. Dette er ikkje vitenskapleg data, men eg vurderer likevel informasjonen som nyttig.

Hovudkjelda i oppgåva er Grue (1999) "Funksjonshemmet ungdom og livskvalitet". Grue er dr. philos. frå Universitetet i Oslo og arbeidar ved Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA). I mange år har han arbeida med forskning omkring barn, unge og funksjonshemning. I tillegg er boka "Menneskeverd, funksjonshemmet i Norge" Markussen (2000) nytta mykje. Markussen er forskingsleiar ved NIFU STEP som studerar på innovasjon, forskning og utdanning.

I metoddelen har eg valt litteratur skreve av Jacobsen (2000). Han er førsteamanuensis ved Institutt for Samfunnsvitenskap ved Høgskolen i Agder. I fleire år har han undervist og publisert bøker og artiklar innanfor tema organisasjonsteori og statsvitenskap. Eg har nytta boka "Hvordan gjennomføre undersøkelser?". Bø og Helle (2002) har vore hovudkjelde ved definerings.

2.0 TEORETISKE OMGREP

I dei følgjande avsnitta vil eg gjere greie for dei viktigaste omgrepa som skal legge grunnlaget for drøftinga seinare i oppgåva.

2.1 UNGDOM – FRÅ BARNDOM TIL VAKSEN LIV

Ein ungdom er ein person i aldersgruppa om lag 13-25 år, og tenåring er ein person mellom 13-19 år (Bø og Helle, 2002). Ungdom blir definert som ein eigen livsfase mellom barndom og vaksenliv. I den moderne vestlege verda blir ungdomsfasen gjerne oppfatta som ein nokså lang periode der ein i nokre situasjonar blir tildelt den vaksne sin identitet og i andre barnet

sin. Puberteten (10-17 års alder) inneber ein relativt rask biologisk modning og utgjer eit viktig skilje for den enkelte, medan politisk fastsette aldersgrenser gir eit skilje ved 13-15 års alder. Dømer på dette kan vere seksuell lågalder, kriminell lågalder og reglane for når ein skal levere eigen sjølvangiving. Grensa mot vaksenlivet er heller ikkje tydeleg. Ein person er rettsleg i Noreg ved fylte 18 år, men det er vanleg å rekne òg personar atskilleg eldre enn 18 år for ungdommar. Å vere ungdom har i større grad vorte eit spørsmål om å ha ei ungdommeleg åtferd (Nilsson og Lühr, 1998).

Ein person er i puberteten i tidsrommet frå dei første teikn til kjønnsmodning melder seg og til full kjønnsmodenskap trer inn. Puberteten blir innleia om lag to år tidlegare hjå jenter enn hjå gutar. For ungdommane kan puberteten vera prega av djuptgåande psykiske verknadar som ofte blir uttrykt med uro, ustabilitet, kriser og konflikthar. Dei unge i vår kulturkrets er ofte i eit motsetnadsforhold til tradisjonelle autoritetar som foreldre og lærarar. Ein søker ofte kontakt med og knyt seg til jamgamle. Tenåra blir kalla forandringane si tid. Ein er på veg frå å vere barn til å bli vaksen. Kroppen blir stadig større, noko det tek tid å venne seg til. Ungdommane opplever òg at foreldra ikkje forstår alt så godt som dei trur. Nye tankar og kjensler bidreg til at alt vert følt på som framand (Bunkholdt, 2000).

Funksjonshemma ungdom er òg i endring, men dei har ofte ikkje same sjølvkjensle og er ikkje like trygge på seg sjølv til å stå imot angsten over endringane (Lagerheim, 1997). Noko av årsaka til dette kan vere at dei manglar venner å samanlikne seg med og tru seg til. Mange av ungdommane med funksjonshemmingar kan ha vanskeleg for å finne seg til rette blant andre ungdommar fordi dei manglar mange av erfaringane som dei andre snakkar om. Sjølv før puberteten tek til med lengdevekst og kjønnsmodning, kan dei ha hatt ei dårleg kjensle for kroppen sin.

Som ungdom møter ein mange utfordringar, og i tillegg skal ein prøve å leve opp til forventningar i samfunnet. Ein skal meistre rollen som medlem i ein familie, som kamerat i venneflokk og elev på skulen. I løpet av ungdomstida skal ein utvikle ein betydeleg grad av sjølvstende og ein skal meistre kvardagen. Vidare vert det forventa at ein tek utdanning og utviklar realistiske planar om eit framtidig yrke. I tillegg bør ungdommane vere sjølvstendige i forhold til eigen økonomi og til å kunne flytte heimeifrå til eit liv som vaksen (Nilsson og Lühr, 1998).

2.2 FUNKSJONSHEMMA

I Stortingsmelding nr. 23 (1977-78) vart funksjonshemma definert slik: "Funksjonshemma er den som på grunn av sjukdom, skade eller lyte eller på grunn av avvik av sosial art er vesentleg hemma i si praktiske livsføring i forhold til det samfunn som omgir han. Dette kan blant anna gjelde utdanning og yrke, fysisk eller kulturell aktivitet" (Markussen, 2000). I Regjeringa sine handlingsplanar på 1990-talet blir fokuset flytta frå uttrykket funksjonshemma til funksjonshemming, det vil seie frå eit adjektiv eller eigenskap ved ein person til eit substantiv, noko som eksisterar uavhengig av personen, men som personen kan komme ut for eller bli vikla inn i. På bakgrunn av dette vart no funksjonshemming definert som; "eit misforhold mellom individet sine føresetnadar og miljøet sine krav til funksjon på områder som er vesentleg for etablering av sjølvstende og sosialt tilvære" (Hatland m.fleire, 2001). Merksemda blir då ikkje berre flytta frå person til fenomen, men frå individ til samfunn.

I følgje Bø og Helle (2002) kan alle menneske som heilt eller delvis er ute av stand til å sikre seg det som er nødvendig for å kunne føre eit normalt liv, som følgje av manglande fysiske eller psykiske evner, anten desse er medfødde eller ikkje, er funksjonshemma. Dette gjeld både i individuell og sosial samanheng.

Det er fem kriterium som må vere oppfylt for å kunne definere ein person som funksjonshemma. Det første kriteriet er at kjenneteiknet ved den funksjonshemma må vere varig. Eit fellestrekk ved ulike definisjonar på funksjonshemming er at dei vektlegg orda varig og vesentleg. Dersom ein brukar rullestol grunna ein varig skade som gjer at ein alltid må bruke rullestol, er ein funksjonshemma. Men dersom ein har brote ein fot og må sitje i rullestol ein periode, er ein ikkje funksjonshemma. Markussen (2000) meiner varigheitskravet må vere oppfylt for å kunne seie at ein person er funksjonshemma.

Ein person må vere vesentleg hemma i si livsføring eller det må dreie seg om vesentlege misforhold mellom personen sine føresetnadar og miljøet sine krav, før ein kan snakke om funksjonshemming. Det tyder at dersom ein person har føresetnadar som hemmar livsføring, men ikkje i vesentleg grad, så er ikkje personen funksjonshemma (Markussen, 2000).

Funksjonshemming handlar òg om kjenneteikn ved det enkelte menneske. Utan dei gitte kjenneteikna ved personen ville ikkje hindringa vore ein hindring. Ei trapp er inga hindring dersom ein kan gå, men sit ein i rullestol, då er trappa ei hindring. I dette dømet ville det ikkje vore ei problemstilling om vedkommande var funksjonshemma eller ikkje dersom han kunne gå. Ut ifrå dette kan ein seie at kravet om kjenneteikn ved enkeltmennesket må inngå som eit kriterium i ei forståing av kven som er funksjonshemma (Markussen, 2000).

Det å vere funksjonshemma blir knytt til forholdet mellom enkeltmennesket og samfunnet. Det er misforholdet mellom enkeltmennesket sine føresetnadar og omgjevnadane og samfunnet sine krav til funksjon som skapar eller forsterkar funksjonshemninga. Omgjevnadane kan nokre gonger fungere funksjonshemmande. Eit kjøpesenter utan heis kan hindre ein del menneske i å besøke det. Funksjonshemninga blir då skapt i relasjonen mellom individ og miljø. I dette tilfellet er det verken grunnlidinga til individet eller hindringa i miljøet som er årsaka til funksjonshemninga, men nettopp relasjonen mellom desse. Men både grunnlidinga og hindringa må vere til stades for at relasjonen skal oppstå (Markussen, 2000).

Det femte kriteriet for å bestemme om ein person er funksjonshemma, er eit subjektivt kriterium. Det handlar om det enkelte mennesket si eiga oppleving av om det er funksjonshemma eller ikkje. Som oftast vil eigenopplevinga stemme med andre sine vurderingar, men det er òg tilfeller der ein person ikkje definerar seg sjølv som funksjonshemma, medan andre gjer det. Til tross for at nokre menneske er funksjonshemma sjølv om dei ikkje opplever det sjølv, meiner Markussen (2000) at eigenopplevinga av å vere funksjonshemma må inngå som eit kriterium for å definere at ein person er funksjonshemma.

2.3 SOSIAL TILKNYTING

Tilknytning blir nytta om eksistensen av sterke kjenslemessige band mellom eit menneske med eit anna som det knyt seg til (Bø og Helle 2002). Tilknytning og tilknytingsprosessar har vore eit av dei mest livlege forskings- og arbeidsoppgåver innanfor utviklingspsykologi i fleire år. Dei ulike teoriane har hatt mykje å seie for arbeidet med barn/unge og deira familiar. Til dømes er det viktig å vite ein del om tilknytingsforholdet til den unge dersom han skal plasserast i ein fosterfamilie.

Utviklinga av tilknytning mellom barna og deira omsorgspersonar byrjar med ein gong samspelet mellom dei tek til etter fødselen, og har nådd ein viktig fase når barnet er om lag to år. Fleire teoretikarar har meint at dette er ein sensitiv periode for danning av tilknytning. Utifrå dette kan ein forstå at barn som ikkje har fått god nok omsorg i denne perioden, kan ha problem med nære mellommenneskelege forhold seinare i livet. Det finst ulike oppfatningar om grunnlaget for og prosessen fram mot full tilknytning. Det alle retningane har felles, er oppfatninga om at vilkåra for at tilknytning skal skje, er at samspelet må vere prega av tre faktorar. Dei vaksne må vere sensitive for barnet sine signal, vere tilgjengelige for barnet både fysisk og psykologisk, og vere stabile i sin omsorg. I tillegg treng barnet òg å oppleve kontinuitet. Tilknytning er ikkje eit spørsmål om anten eller, men om grad av kvalitet. Det er dei aller færreste ungar som ikkje får noko tilknytning til sine omsorgspersonar, sjølv om dette kan førekomme (Bunkholdt, 2000).

Legen, psykiateren og psykoanalytikaren John Bowlby (1907-1990) har gitt tilknytningsteorien eit sentralt bidrag, noko som har gitt han tilnamnet ”spedbarnspsykologien sin far” (Bunkholdt, 2000). Han skreiv sitt første bind i ein triologi om tilknytning og tap i 1969. Teorien hans om tilknytning kombinerar psykoanalyse og teoriar frå etologi. Med etologi meiner ein utvikling av ulike funksjonar i eit naturleg miljø. I følgje Bowlby sin teori er barnet si kjenslemessige binding til mora primær og biologisk betinga. Med at bindinga er primær meiner ein at bindinga utviklar seg uavhengig om omsorgspersonen tilfredsstillar barnet sine fysiske behov. Bowlby meiner at tilknytninga vil vere ferdig utvikla kring eittårs alder, og vil danne mønster for korleis barnet seinare i livet oppfattar og føreheld seg til nær kontakt med andre menneske (Bunkholdt, 2000).

2.4 SJØLVBILETE

Sjølvbilete er den oppfatninga ein person har av seg sjølv, sin personlegdom, si åtferd og korleis han/henne verkar på andre (Bø og Helle, 2002). For barn og unge sitt sjølvbilete blir forholdet til andre menneske naudsynt på to måtar. For det første er det viktig å vere uavhengig, då får ein forståing av å vere eit eige individ. Grunnlaget for denne oppdaging blir danna då barnet forstår at andre eksisterar som separate, varige einingar sjølv om ein ikkje sansar det i øyeblikket. For det andre blir tilknytning viktig. Me definerar oss sjølv òg ut frå dei verdiane og normene som gjeld i det sosiale miljøet kring oss. Sjølvbiletet er påverka av kva

andre i vår sosiale krets meiner om oss. Det omfattar òg tilknytning til landskap eller ein stad, til dømes at ”heimstaden er ein del av meg sjølv” (Bjerke og Svebak, 2001).

Sjølvbiletet har ein kognitiv del, som ein kan forstå som sjølvinnsikt, og ein emosjonell eller evaluerande del, sjølvvurdering. Ved toårsalderen er det grunn til å tru at barn har fått ei oppfatning om seg sjølv som ein eigen eining, og har byrja å få sjølvinnsikt. Det indre sjølvvet byrjar i tre til fireårsalderen, og etter kvart får barn betre forståing av indre kjensler og tankar, medan ein i sjuårsalderen uttrykker draumar som oppstår inne i hovudet. I ungdomstida har dei fleste ei forståing av at sjølvvet sitt ikkje berre angår varige psykologiske tilstandar, men at òg ytre omstendigheitar kan verke inn på korleis ein er. Sidan det no blir lagt vekt på psykologiske prosessar, dominerar det psykologiske sjølvvet i denne alderen. I tillegg til sjølvinnsikta kjem ei subjektiv vurdering av seg sjølv, som korleis ein verdset seg sjølv, sjølvvurdering. Den emosjonelle vurderinga av ein sjølv har stor betydning på dei fleste psykologiske områda, skuleprestasjonar, sosialt samspel og psykisk helse. I hovudsak blir sjølvvurderingane meir i samsvar med røynda ettersom barna blir eldre. Dei fleste unge blir òg meir positive i løpet av ungdomsåra. Dei har ofte eit optimistisk syn på livet og tru på sine evner til å meistre problem dei vil møte. Ungdom som vurderar sine evner som svake, vil i mindre grad enn andre ta fatt på intellektuelle utfordringar. Dersom dei undervurderar sine evner forventar dei at dei ikkje vil lære så mykje, gir raskare opp, og blir meir engstelege for å bli vurdert av andre (Bjerke og Svebak, 2001).

Sjølvbiletet er sterkt knytt til livskvaliteten hjå folk. Måten me ser og oppfattar oss sjølv på reflekterar korleis ein har det, eller omvendt. Det er nesten ikkje mogleg å tenkje seg ein situasjon der eit menneske med dårleg sjølvbiletet kan seie at han eller ho er fornøgd med livet og har det godt (Grue, 1999).

2.5 LIVSKVALITET

På 1970-talet blei omgrepet livskvalitet mykje nytta i litteraturen. Økonomiske og materielle mål for velferd blei supplert med subjektive verdibaserte målsetningar. Ein kan seie at livskvalitet vart eit nytt honnørord for velferdspolitikken i Noreg. Tendensen kan komme av at ein stilte spørsmål om stadig større materiell velstand gjorde folk lykkelegare. Ikkje-materielle verdiar som sjølvrealisering, lykke og meining med livet, blei sett sterkare i framgrunnen. Dette utviklingstrekket må òg sjåast i samanheng med moderniseringa av

samfunnet, der ein meir individualistisk tankemåte gjorde seg gjeldande. Ein skulle få individuell fridom til sjølv å definere og realisere kva den enkelte meiner er livskvalitet eller eit godt liv (Hatland m.fleire, 2001).

Livskvalitet som målomgrep for folk sin velferd er omdiskutert. Dette kan skuldast at omgrepet har å gjere med den enkelte si subjektive oppleving av kva som er godt. Det som gir god livskvalitet for ein person, kan gi dårleg livskvalitet for andre. Omgrepet inviterar òg til refleksjon over kva eit godt liv inneber og kva føresetnadar som må ligge til grunn for å kunne oppleve kvalitet i tilværet (Askheim, 2003).

I Askheim (2003) finn ein følgjande tre kriterium for å oppnå livskvalitet; ytre livsvilkår, mellommenneskelege relasjonar og indre psykologisk tilstand. Kriteria blir ikkje rangerast hierarkisk, men bli sett på som like viktige. Dette tyder at individet kan tillegge dei ulike områda ulik vekt. Dei ytre livsvilkåra omfattar bustad, arbeid og økonomi. For å ha kvalitet i livet er ein avhengig av ein stad å bu som er tilrettelagd der ein trivast. Dei aller fleste ynskjer òg å ha eit arbeid å gå til og er avhengig av ein tilstrekkeleg økonomi. Det andre kriteriet omhandlar mellommenneskelege relasjonar, som omfattar foreldre, venner, partner og egne barn. Det tredje kriteriet, indre psykologisk tilstand, legg vekt på engasjement, energi, sjølvrealisering, fridom, sjølvtilitt, sjølvakseptering, tryggleik, kjensleopplevingar og glede.

3.0 FUNKSJONSHEMMA UNGDOMMAR SIN SOSIALE TILKNYTING

Normaliseringsprinsippet føreset integrering av den enkelte funksjonshemma i sitt lokalmiljø. På grunnlag av dette har ein i stor grad fokusert på integrering innanfor dei meir formelle og institusjonelle aspekt ved lokalsamfunnet. Døme på slike formelle institusjonar kan vere skule, arbeidsplass og hjelpeapparat. Det er her mogleg å legge til rette forholda for ein formell integrering og deltaking. Årsaka til dette er at det går an å styre og regulere desse områda utanfor. Ei viktig side ved tilknytning til eit lokalsamfunn vil imidlertid omfatte dei uformelle og meir ustrukturerte former for samvær. I samspelet mellom individet og nærmiljøet vil familie, naboar og venner stå sentralt for utvikling av uformelle kontaktar og samværsformer. Det sosiale liv og nettverk som utartar seg på sida av eller utanfor den formelle deltaking let seg i langt mindre grad styre gjennom forskrifter og tiltak. Integrering i denne uformelle forstand føreset eit samspel som byggjer på eit opplevd fellesskap og

gjensidig deltaking mellom partane. Eigenskapar ved ungdommen sjølv og omgivnadane er derfor like viktige i utviklinga av den uformelle sosiale tilknytning (Grue, 1999). Seinare i oppgåva vil eg utdjupe meir om den sosiale tilknytninga funksjonshemma ungdom har i skulen, som er ein formell sosialiseringsarena, og dei uformelle arenaene familie og fritid/jamgamle.

3.1 TILKNYTING I FAMILIEN

Den arenaen som har størst betydning i barneåra er familien. Barnet får her støtte for utviklinga av seg sjølv som individ og bekrefta sin eigen eksistens og verdi. Vidare inn i ungdomsåra har familien framleis ein sentral posisjon. Familien si oppgåve blir no å forberede den unge på vaksenlivet med dei rettane og pliktene dette medfører. Sjølv om ungdommen er knytt til foreldra på ulike måtar og har behov for stabilitet i sosiale relasjonar og miljø, veks det alltid fram eit ønskje om større sjølvstende og autonomi i desse åra (Nilsson og Lühr, 1998). Autonomi blir forklart som eigenskap hjå ein person som det å kunne foreta sjølvstendige handlingar og å kunne tenke utan å bli påverka av faktorar i omgivnadane (Bø og Helle, 2002).

Fleire forskarar har vist at ungdomstida kan vere prega av konflikt mellom foreldre og barn. Desse negative opplevingane kan oppstå når ønskjer og målsetningar frå ungdommen blir møtt med krav eller formaningar frå foreldra. Oppgåva til foreldra blir då å balansere mellom det å vere eit mål for den unge sitt opprør og samstundes representere ei trygg hamn der den unge kan søke tilflukt og støtte i ein turbulent periode (Grue, 1999). Mange av dei konfliktane som oppstår mellom barn og foreldre i ungdomsåra er knytte til omdefineringa av rollar og etablerte posisjonar som skjer i denne tida. Årsakene til dette kan vere dei fysiologiske endringane som skjer med ungdom i puberteten. Ungdomar med funksjonshemmingar gjennomgår dei same forandringane, men dei har ofte eit nærare forhold til foreldra sine grunna dei er meir avhengige av dei. Dette kan føre til at dei ikkje alltid oppnår dei same krannglane. Opp gjennom åra har den unge og foreldra ofte bygd opp eit ope og nært forhold. På grunnlag av desse konfliktane i ungdomsåra reagerar nokre ungdommar med problemåtferd, til dømes rømmer dei heimanfrå, misbrukar rusmiddel eller i ekstreme tilfeller tek sjølv mord (Grue, 1999).

Spørsmål knytt til samvær med jamgamle er eit vanleg konfliktområde for unge og foreldre. Dette oppstår gjerne når foreldra prøver å avgrense eller kontrollere samværet den unge har

med sine venner. Er foreldra involvert i og opptekne av kven ein er saman med, på ein måte som ungdommen opplev som lite kontrollerande, så reflekterar dette interesse og omtanke. På denne måten signaliserar foreldra at dei er opptekne av det livet den unge lev utanfor familien, utan at dei vil ta kontroll eller styringa. På ei anna side kan lita interesse for kven ein er saman med reflektere mangel på deltaking i den unge sitt liv. Funksjonsfriske ungdommar opplev foreldra si interesse for kven dei er saman med og kva dei driv med som positiv, den er knytt til omsorg og ikkje overbeskytting. Derimot har funksjonshemma ungdom ofte ei blanda erfaring knytt til foreldra si involvering i venner. Den kan både vera knytt til oppleving av omsorg og overbeskytting. Ei mogleg forklaring på denne forskjellen kan vere at funksjonshemma ungdom oftare har mindre moglegheiter til å bevege seg fritt rundt. Aktivitetar krev planlegging og må avtalast på førehand. Dette fører til at det er lettare for foreldra å følgje med på kva og kvar den unge skal. Resultatet av dette kan vere at ungdommen føler seg overvaka eller kontrollert. I nokre tilfeller vil det òg vere slik at foreldra til funksjonshemma unge er meir kontrollerande. Dei kan vere redde for å gi den unge nok fridom, grunna dei er redd for at noko negativt skal skje (Grue, 1999).

I ungdomsåra er det tre aspekt ved den unge sin utvikling som står sentralt i familiesamanheng. Det første går på ungdommen si identitetsdanning. Oppgåva til den unge blir å utvikle ein identitet og sjølvoppfatning på bakgrunn av eigne innarbeida meiningar og holdningar. Ein varm og forståingsfull familie er med på å fremme identitetsdanninga og ego-utviklinga. Bø og Helle (2002) definerar ego som individet sin integrerte personlegdomsstruktur slik denne ytrar seg som ein dynamisk eining i persepsjon, fornuft, tenking, planlegging, valavgjersler, interesser, holdningar og behov. Det andre aspektet går på utviklinga av seksualitet. Dei unge vert forplantningsdyktige samstundes som den seksuelle interessa og aktiviteten aukar. Privatsfæren rundt den unge blir tydelgare og tingar full respekt frå foreldra. Det siste aspektet omhandlar atskillelse. Den unge vert mindre avhengig av foreldra og tid saman med dei minkar samstundes som det vert viktig å vere uavhengig og tid saman med personar utanfor familien aukar. På den eine sida ønskjer ungdom å vere sjølvstendige, medan på ei anna side er dei framleis avhengige av foreldra. Funksjonshemma ungdom har ofte eit større behov for hjelp samanlikna med anna ungdom, som gjer at dei kan vere meir avhengig av foreldra og eventuelt eit hjelpeapparat (Grue, 1999).

Familien kan vere med på å representere ei trygg hamn. Føresetnadane er at foreldra er villige til å møte ungdom på ungdom sine premissar. Samspelet mellom eit funksjonshemma barn og

foreldra kan ofte vere meir kompliserte. Ofte treng denne ungdommen hjelp og er i større grad avhengig av tilsyn og involvering frå foreldra si side, enn anna ungdom. Dømer på slike situasjonar kan vere ved påkledning, matlaging, personleg stell og transport. Det er nødvendig med meir tilrettelegging, men ikkje overbeskytting. I andre tilfeller ser ein at personar med funksjonshemmingar er meir sjølvstendige enn funksjonsfriske. Dette kan komme av at dei er vant til å takle ekstra utfordringar og gjerne må finne alternative løysingar i ulike situasjonar, grunna deira funksjonshemming.

Analysar viser at det ikkje er bevist at funksjonshemma ungdom opplever omsorga som dei får overbeskyttande. Årsaka til dette kan vere at foreldra er flinke til å finne ein balansegang mellom meirbeskytting og overbeskytting. Meirbeskytting vil seie at omsorgspersonane må beskytte og hjelpe den unge meir enn kva som er vanleg, årsak til dette kan vere funksjonshemmingar. Ei anna forklaring kan òg vere at unge funksjonshemma tilpassar seg godt livssituasjonen som ofte medfører eit auka hjelpebehov (Grue, 1999).

3.2 TILKNYTING I SKULEN

Historisk sett var idégrunnlaget til skulen å vekke, opplyse og forbetre den enkelte. Den var òg eit barmhjertigheitstiltak og ei handsrekning til dei svakaste i samfunnet. Den moderne skulen skal i dag formidle normer, verdier, røyndomsoppfatningar, konkret kunnskap og dugleikar. Utdanning har vorte ein dominerande del av unge sin kvardag og den viktigaste vegen til framtida (Grue, 1999).

I dag er det obligatorisk med 10 årig skulegang. Det er difor viktig at skulane rår over mekanismar for sosial integrering for dei som har vanskar kunnskapsmessig eller sosialt. Dette er spesielt viktig for fysisk funksjonshemma ungdom. Likevel er det tvilsamt om dette er tilstrekkeleg utbygd og inkludert i den norske skulen sin organisatoriske struktur (Grue, 1999).

Tidlegare vart barn og unge med spesielle vanskar eller behov delt inn i ”båsar” og plassert på spesialskular. Dette resulterte i at psykisk utviklingshemma og barn med fleire fysiske funksjonshemmingar blei ekskludert frå skulesystemet og gikk dermed glipp av moglegheitene for å tileigne seg formell og sosial kunnskap på lik linje med andre unge. På midten av 1970-talet blei denne bås inndelinga i skulesystemet fjerna, og den nye skulelova (Lov om

grunnskolen av 13. juni 1969) sler fast at alle barn og unge skal fungere etter den same skuleforvaltninga. Hovudprinsippet med denne lova er at alle har lik rett til å tilhøyre det sosiale fellesskapet som skulen representerar, og at siling av elevar til spesialskular skal skje unntaksvis. Inkludering av fysisk funksjonshemma ungdom i den ordinære skulen meiner Grue (1999) er viktig fordi fysisk funksjonshemma vil då gå igjennom den same sosialiseringprosessen som anna ungdom. Omgrepet sosialisering vert nytta om det å vekse seg inn i fellesskap med andre og med samfunnet. Prosessen inneber blant anna at individet tileignar seg fellesskapet og kulturen sine kodar, verdi- og livsmønster og at det etter kvart oppgjev sin egoisme til fordel for fellesskapet (Bø og Helle, 2002).

I dag er både psykisk utviklingshemma og fysisk funksjonshemma barn og unge organisatorisk integrert i det ordinære skulesystemet. Denne integreringa kan føre til at andre unge endrar sitt syn på funksjonshemma personar. Vidare kan det vere slik at ein i samhandling med unge funksjonshemma vert meir oppmerksam på fleire sider og kvalitetar ved eit menneske, og dermed ved seg sjølv. Eit generelt siktemål med all utdanning er å hjelpe unge menneske til å utvikle eit positivt og realistisk sjølvbilete, noko som blir viktig når det gjeld fysisk funksjonshemma unge. Studiar viser i tillegg at desse ungdommane opplev problem i sosiale relasjonar, og at dei har eit dårlegare sjølvbilete enn funksjonsfrisk ungdom (Grue, 1999).

Grue (1999) gjengjev ei gransking gjennomført av Harvey og Greenway (1984), som viser at det ikkje kun er ulemper med spesialskular. Denne viser at fysisk funksjonshemma unge som var integrert i den ordinære skulen, hadde eit dårlegare sjølvbilete enn fysisk funksjonshemma som gikk på ein spesialskule, dette gjaldt særleg fysisk utsjånad og eigenskapar. Ein spesialskule for fysisk funksjonshemma personar vil truleg vere langt betre tilrettelagt enn ein anna skule. Dette fører til at det vert færre hindringar som dagleg skal passerast, noko som kan resultere i at den enkelte blir meir sjølvhjelpen og opplev færre nederlag i løpet av skuledagen. Å vere sjølvhjelpen og å føle fysisk meistring er viktige element i unge si sjølvoppfatning.

Det er få skular i dag som er tilrettelagt for det breie mangfaldet av elevar som integreringslovgivnaden legg opp til skal inn i skulen. Konsekvensar av dette kan fysisk funksjonshemma merke ved at dei ofte støyter på fysiske hindringar i løpet av skulekvardagen. Eit av dei mest sentrale hindringane desse ungdommane møter på er

manglande fysisk tilgjenge og problem forbunde med å komme seg til og frå undervisning. Storleiken på dei hindera som funksjonshemma ungdom møter varierar, og det er skilnad på korleis kvar enkelt ungdom føreheld seg til hindera og kva evner og moglegheit ein har til å takle dei. Manglande fysisk tilgjenge på ein skule kan ha avgjerande betydning òg for sosial deltaking. Skulebygningen og lengda på friminutta kan for nokre gjere det umogleg å komme ut i skulegården til medelevane mellom timane. Livet mellom undervisningstimane er ein viktig del av skuledagen, det er nettopp her kontakten med dei jamgamle skjer (Grue, 1999).

Betydinga av sosial samhandling i ungdomsåra kan ikkje overvurderast. Forsking viser at andre elevar si oppfatning av og holdning til funksjonshemma medelevar vert endra gjennom regelmessig samhandling. Skuledagen er for mange kjenneteikna av eit spenningsforhold mellom det å vere og det å lære. Undervisningstimane blir jamleg avløyst av tidsbolkar som vert tilbringa i lag med dei jamgamle, og der læringa i timane blir erstatta av samvær med medelevar (Grue, 1999). Mi handikappa venninne måtte, grunna hennar funksjonshemming, trene med ein assistent kvart storfriminutt på barneskulen, noko som klart har negative konsekvensar med tanke på samvær med jamgamle. Dette fører til at ein går glipp av mykje betydingsfull samhandling og erfaring.

3.3 TILKNYTING TIL JAMGAMLE

I den norske kulturen har det utvikla seg eit skilje mellom aktivitetar og oppgåver ein må gjere, der det er plikta som avgjer, og andre som ein ikkje treng å gjere, der det er lysta som avgjer. Den tida som er tilgjengeleg for sjølvvalte oppgåver blir som oftast omtala som fritid. Barn tilbringar mesteparten av fritida si saman med eller i nærleiken av foreldra. Etter kvart som dei blir eldre og går over i tenåra minskar samværet med familien, medan tida saman med jamgamle aukar. Aktivitetane som pregar samværet med dei jamgamle er ofte lystbetona og sjølvvalte. Mange unge melder seg òg inn i lag og organisasjonar, som til dømes idrettslag og fritidsklubbar. Dei fleste har som oftast ein eller fleire av vennene sine i same foreining. Fysisk funksjonshemma ungdom har ofte ikkje moglegheit til å delta i desse typar aktivitetar, grunna deira funksjonsnivå, og går derfor glipp av ein del betydingsfulle erfaringar saman med sine jamgamle (Nilsson og Lühr, 1998). Mi handikappa venninne har erfart å bli sett på som lat av sine klassekameratar fordi ho ikkje deltek i alle aktivitetar.

Studiar viser at fysisk funksjonshemma har auka risiko for sosiale avgrensingar og isolasjon. 66 % av ungdom med fysiske funksjonshemmingar seier dei har god vennekontakt, 21% uttrykkjer at dei har noko redusert kontakt, 9% har redusert kontakt, medan kun 4% seier dei har sterkt redusert eller ingen kontakt med venner i det heile (Wehn og Sommerschild, 1991). Unge med funksjonshemmingar kan ofte ha mange som dei snakkar med og tilbringar tid saman med på skulen, men dei får ikkje like ofte faste og nære venner som sine jamgamle. Samhandling på ein sosial arena blir ofte teken opp og diskutert på ein anna. Erfaringar frå fotballkampen i helga kan vere det store samtaleemnet den kommande veka. Manglande deltaking på ein arena får dermed lett betyding for moglegheitene for deltaking på andre. Dersom ein ikkje deltek i det same erfaringselskapet som dei andre, vil ein lett få ei tilskodarrolle òg der ein er fysisk til stades. Skjer dette ein gong i blant vil det ikkje vere noko problem for dei som ikkje kan delta, skjer det kontinuerleg vil det ha stor betyding for den eller dei som ikkje tek del i dette (Grue, 1999). For å kunne få ta del i dei nokre av dei same erfaringane er det til dømes mogleg at ungdommen med funksjonshemming følgjer med å ser på når hans jamgamle spelar handballkamp om helgane.

Tilknytning og samvær med venner kan i nokre tilfeller avgrensast eller bli hemma på grunn av funksjonshemminga og følgjene av denne. Ein gong eg besøkte venninna mi som sit i rullestol, måtte me droppe å gå den turen me hadde planlagt fordi ho måtte vere heime å vente på heimesjukepleia, då dei skulle følgje henne på toalettet. Ho hadde erfart tidlegare negative reaksjonar frå dei dersom ho ikkje var til stades når dei kom å skulle hjelpe henne. Om kveldane må ho òg legge seg når foreldra fordi ho var avhengig av hjelp frå dei. Den eine kvelden vart me andre og søskena hennar sittande igjen å sjå på video.

Noko av det som blir opplevd som spesielt og godt i samværet med jamgamle er at det er ustrukturert. Dei vaksne påtvingar ikkje noko faste reglar, desse vert ein einige om i fellesskapet. Gjennom samværet med jamgamle og i situasjonar der dei sjølv kan skape rammene for eigen aktivitet og deltaking blir det dermed danna moglegheit for psykososial utvikling som deltaking på andre arenaer ikkje opnar for (Grue, 1999).

Grue (1999) gjengir frå Piaget at sjølvstendig moraloppfatning hjå unge blir utvikla gjennom konflikthandtering med jamgamle. Vidare meiner han at utviklinga av egalitet i sosiale relasjonar best kan bli utvikla i eit "gi og ta" fellesskap med jamgamle. Sjølv om det er tydelege positive sider ved kontakten med dei jamgamle må ein ikkje forstå det slik at den er

viktigare enn for eksempel kontakten med foreldra, og at den læring som skjer i ei vennegruppe er viktigare enn læringa som skjer i familien. Ungdom som av ulike grunnar blir avvist av jamgamle, er sårbare for psykologisk stress fordi dei manglar støtte og aksept frå ei gruppe som i ungdomsåra utgjer dei "betydingsfulle andre". Reaksjonar ungdom kan få på denne type avvising er sinne, depresjonar og tilbaketrekking, noko som vidare kan føre til ytterlegare avvising. Manglande akseptering frå klassekameratar kan auke sannsynet for at den som føler seg avvist òg byrjar å mislike skulen og droppar ut (Wehn og Sommerschild, 1991). Teoretikarar har identifisert at alvorleg psykisk utviklingshemning eller funksjonshemning er eit av fleire forhold som kan føre til avvising frå jamgamle.

3.4 EINSEMD

Avvising og/eller manglande moglegheit til samvær med andre menneske kan føre til at ein vert einsam. Ungdom si oppleving av det å vere aleine vil vere avhengig av fleire forhold som omfattar kjenneteikn ved den enkelte, som til dømes alder og kjønn. I tillegg er det betydingsfullt om aleinetilværet er valt eller påtvinga, tidsavgrensa eller varig. Det er liten tvil om at ungdom som er mykje aleine, særleg utan kontakt med jamgamle, opplever tida åleine som einsemd, og der dei lengtar etter å ta del i sosiale fellesskap, lider og har lågare livskvalitet enn andre (Grue, 1999). Einsemd har klart og tydeleg ein negativ samanheng med sjølvbilete. Det å vere einsam reflekterer eit sagn etter nærleik med andre menneske. Årsaka til dette kan vere at ein ikkje har så mange venner som ein skulle ønska ein hadde, eller ein opplever at dei vennene ein har ikkje er så gode som ein skulle ønska dei var. Personar som er einsame vil òg stille seg spørsmål som til dømes om andre ikkje vil ha deg til venn, eller om ein ikkje er attraktiv nok. I denne samanhengen ser ein at opplevinga av einsemd reflekterer ein usikkerheit med omsyn til eigen attraktivitet, og det er denne usikkerheita som igjen kan sjåast i eit dårleg sjølvbilete (Grue, 1998).

Ei gransking gitt ut av NOVA (Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring) i 1998, viser både funksjonshemma og funksjonsfriske ungdommar si grad av einsemd.

Verdien ein representerar låg grad av einsemd, medan fire er høg grad. Ingen av ungdommane har svart mellom 3 og 4, medan 28% av dei funksjonsfriske og 36% av dei funksjonshemma har scora mellom 2 og 3. Heile 63% av dei funksjonsfriske og 52% av dei funksjonshemma ungdommane har svart mellom 1 og 2, og kun 9% funksjonsfriske og 12% funksjonshemma

har ein score på under 1. Dette viser at skilnaden på opplevd einsemd av dei to gruppene ungdommar ikkje er betydeleg stor, men at det likevel er noko skilnad (Grue, 1999).

3.5 MINE TANKAR KRING TEMAET

På bakgrunn av den faglege litteraturen, samtalane med den funksjonshemma venninna og mine egne refleksjonar og erfaringar ser eg tydeleg kor naudsynt det er med god sosial tilknytning for å oppnå god livskvalitet. Funksjonshemma ungdom kan ha like god tilknytning til andre menneske som det funksjonsfrisk ungdom har, men må i nokre tilfelle passere fleire hindringar og finne alternative moglegheiter for samhandling. Til dømes kan funksjonshemninga setje grenser for deltaking i ulike idrettsorganisasjonar. Den unge må då gjerne velje aktivitetar på andre områder, slik at han kan få ta del i erfaringar med sine jamngamle. Det er viktig at unge med funksjonshemningar deltek, dette er ein god måte å lære gjeldande normer og reglar på. På ei anna side ser ein at funksjonshemma ungdom trekk seg vekk for å unngå situasjonar der dei opplev å komme til kort. Dersom dei føler at dei ikkje meistrar noko, kan det for nokre følast betre å trekke seg ut av situasjonen. Dette for å sleppe den audmjukinga det kan føre til.

Tidlegare vart barn og unge med psykiske utviklingshemningar og fysiske funksjonshemningar ekskludert frå den ordinære skulen og plassert på såkalla spesialskular. Mange vil nok i dag sjå på dette som utenkjeleg, men nokre ungdommar trur eg ville ha føretrukke og hatt nytte av dette. På denne type skule ville alle ha vore i "same båt", og ein ville ikkje ha følt at ein skilte seg ut. Spesialskulen ville sannsynlegvis også ha vore betre tilrettelagt for elevar med funksjonsvanskar. Eg trur også at den ordinære skulen lett kan bli eit spegel som tydeleggjer kva den funksjonshemma ikkje kan, og gir avgrensa moglegheit til å framheve kva vedkommande faktisk kan. Dette fordi dei fleste andre kan vere flinkare til mykje. På ei anna side er det positive konsekvensar av at funksjonshemma ungdom er integrert i den ordinære skulen. Til dømes stimulerar dette til toleranse for born som er annleis og innleving i deira situasjon. Den handikappa venninna har uttrykt at ho føler seg tryggare på seg sjølv, og er meir open for å delta i nye aktivitetar dersom ho er saman med likesinna.

Eg forstår at foreldre til funksjonshemma ungdommar er meir beskyttande og engstelege for barnet sitt. Nokre gonger treng desse ungdommane meir støtte og nokre gonger ei anna støtte. Men dei vil i like stor grad som funksjonsfriske unge ha behov for å prøve seg ut, mislykkast i

noko og klare noko anna. Dette for å vere forberedt på livet som vaksen og sjølvstendig. Det vert dermed viktig at foreldra balanserar mellom det å vere beskyttande, og det å gi den unge moglegheit til å prøve seg fram på eiga hand. Dette er viktig i prosessen der den unge skal prøve ut rollar, lausrive seg og bli sjølvstendig. Med dette meiner eg ikkje at ein skal trekke seg tilbake og ikkje gi hjelp og støtte i ein kvardag som kan vere vanskeleg for mange unge funksjonshemma. Det sentrale er at den hjelpa og støtta som vert gitt blir opplevd som omsorg og ikkje som eit utslag av overbeskytting. Eg trur ikkje det er omsorg å stadig legge alt til rette for den funksjonshemma og kontrollere kvardagen hans. Desse ungdommane treng òg å få utfordringar å bryne seg på dersom dei skal kunne bli uavhengige og sjølvstendige.

4.0 FUNKSJONHEMMA UNGDOMMAR SITT SJØLVBILETE

Ungdommar vil i ungdomsåra vere opptekne av sin eigen kropp og dei fysiologiske endringane ein går i gjennom i denne perioden. Funksjonshemma ungdommar må i tillegg førehalde seg til dei ulikskapane sjølv funksjonshemninga representerar. Fysiologisk likskap med jamgamle kan vere svært viktig i ungdomstida. Likskapen er viktig for inkludering i gruppa med dei jamgamle og fordi all menneskeleg aktivitet vert prega av vår kroppslege eksistens. Denne likskapen blir dermed viktig for utvikling av sjølvbiletet (Duesund, 2001).

Samtida si auka merksemd kring kroppen slik den kjem til uttrykk i til dømes idrett, moter, slanking og kosmetisk kirurgi, har ført til eit auka press på kroppen for både barn, unge og vaksne. Kroppen har fått status som ein gjenstand som skal granskast, trenast, pleiast, trimmast, slankast og stellast. Denne enorme fokuseringa på kroppen har på den eine sida mykje med estetikk og overflate å gjere, men òg nytte og funksjonsevne (Duesund, 2001).

Det vert i dag stilt store krav av samfunnet om korleis ein skal sjå ut og oppføre seg i samhandling med andre. Krava om kropp og utsjånad appellerar særleg til ungdom. Til dømes nyttar reklamane i media tynne og ”feilfrie” modellar som er med på å danne idealmennesket. Dei fleste ungdommar strevar etter å nå dette idealet, men mange opplever at dei ikkje har føresetnadar for å nå målet.

4.1 SKULETRIVSEL OG SJØLVBILETE

Negative haldningar til skulen er forbunde med eit dårlegare sjølvbilete både for funksjonshemma og funksjonsfriske ungdommar, medan positive haldningar vert forbunde med eit betra sjølvbilete (Grue, 1999). Ei årsak til dette kan vere at trivsel på skulen er knytt til eit positivt sjølvbilete, medan mistrivsel er knytt til eit dårleg sjølvbilete. Trivsel på skulen vil både kunne vere ei følgje av sosial aksept og sosial tilknytning, men òg eit resultat av at ein meistarar dei utfordringane ein møter. Ungdom som opplev at dei meistarar dei utfordringane dei møter i skulekvardagen, kan oppleve ei tilfredsstilling mellom faktisk måloppnåing og eigne forventningar og ønskjer. Nokre funksjonshemma ungdommar kan til dømes i kroppøvingstimane oppleve at dei ikkje taklar dei utfordringane som er. Dette kan vere vanskeleg å akseptere, og ein kan bli både flau og oppgitt når situasjonen oppstår. For å unngå dette er det viktig at den funksjonshemma ungdommen har ei realistisk oppfatning av eigne evner og moglegheiter.

4.2 UTSJÅNAD OG SJØLVBILETE

Ein kan forstå kroppen vår som både eit subjekt og objekt. Vi ser og vert sett, vi handlar og vert handla ovanfor. Dette er eit vilkår for vår eksistens som menneske. Kroppen er eit objekt for omverda si merksemd. Kroppen sin subjektive oppfatning av omverda og omverda sine reaksjonar på kroppen er grunnleggande for å kunne eksistere som ein person med eit tilbakevisande medvit om seg sjølv. På grunnlag av denne forståinga kan ein hevde at det er gjennom kroppen ein får tilgang til verda omkring. For den enkelte vil endringar i kroppen føre til ei forandring av opplevinga av verda fordi den vil sjå verda annleis og fordi verda vil sjå og førehalde seg til ein på ein anna måte (Grue, 1999).

Det har vorte gjennomført fleire granskningar om samanhengen mellom utsjånad og sjølvbilete blant ungdom. Desse viser at det ikkje er noko betydeleg skilnad mellom funksjonshemma og funksjonsfriske ungdommar sin sjølvoppfatning i forhold til utsjånad. Granskinga "På terskelen" (Grue, 1998) viser kva dei to gruppene ungdommar har skåra på spørsmål om sjølvbilete. Dei gjennomsnittlege skåreverdiane er nokså like for ungdommar både med og utan funksjonshemming. Dei største skilnadane finn ein ved atletisk kompetanse, praktisk sjølvbilete og romantisk appell, der dei funksjonsfriske ungdommane skårar noko høgere enn dei med funksjonshemmingar. Skåreverdiane ved skulekompetanse, utsjånad, sosial aksept,

nære vennskap og globalt sjølvbilete er tilnærma like ved dei to gruppene. Grue (1998) gjengjev frå Harters (1986) at globalt sjølvbilete er ein skala som gir eit generelt mål på kor nøgd individet er med seg sjølv når det er teke omsyn til at ulike menneske legg ulik vekt på dei enkelte delområda som sjølvoppfatninga er basert på.

Fysisk funksjonshemming inneber i mange tilfeller ei endring av kroppen vekk frå det idealiserte kroppsiletet som ungdom i stor grad møter i vår kultur. Granskingar viser at begge gruppene er passeleg nøgd med korleis dei ser ut. Samla sett er ein fjerdedel misnøgd med sin eigen kropp. Jenter er meir misnøgd med sitt utsjånad enn kva gutar er (Grue, 1999). Det kan vere fleire årsaker til at det ikkje er noko skilnad på funksjonsfrisk og funksjonshemma ungdom med tanke på utsjånad og sjølvbilete. Dei granskingane som har vorte gjennomført er eventuelt ikkje tilstrekkeleg presise til å fange opp moglege ulikskapar om kroppsoppfatning. Dette vil seie at måla ikkje er eigna til å belyse den betydninga ei funksjonshemming kan ha å seie for unge si sjølvoppfatning i forhold til fysisk utsjånad. Ei anna forklaring kan vere at funksjonshemma ungdommar som har delteke i testen har eit sjølvbilete og ei kroppsoppfatning som er atypisk i forhold til andre unge med funksjonshemmingar. Ei tredje årsak kan vere val av referansegruppe for eige utsjånad. Dersom den funksjonshemma ungdommen, bevisst eller ubevisst, samanliknar seg med andre unge i same situasjon vil han/ho få ei betre kroppsoppfatning.

Den ytre røynda er òg med på å prege sjølviletet til den enkelte ungdommen. Biletet vert skapt utanfor seg sjølv, men òg utanfor den gruppa ein høyrer til. Biletet av "den perfekte" ungdom blir representert gjennom mote, musikk og filmindustri, men bileta kan òg bli filtrert gjennom nettverka av jamgamle, som i denne livsfasen representerar dei "betydingsfulle andre". Dette er viktige personar i barn og unge sine liv som er med å forme dei. Menneske ein er mykje saman med kan derfor fungere som sosiale spegel. Dette vil seie at ein får respons på eiga åtferd som kan vere med å påverke seinare handlingar (Bø, 2000). Ungdom reagerar ulikt på det idealiserte biletet av utsjånad og veremåtar. Nokre vil streve etter å bli som idealbiletet, medan andre oppsonerer mot dette. Dei betydingsfulle andre kan gjennom sin veremåte og åtferd anten forsterke eller svekke eins eigen oppfatning av kva som er skjønnheit. Dermed kan dei òg bidra til å minke eller auke kor tilfreds ein er med eige utsjånad. Rørslehemningar inneber i varierende grad synlege og kroppslege endringar, noko som igjen vil innebære endringar vekk frå eit idealisert eller ønskja kroppsbilete (Grue, 1999).

4.3 FORELDREINVOLVERINGA SIN SAMANHENG MED UNGDOMMARS SJØLVBILETE

Omsorg frå foreldra er knytt til sjølvbiletet på den måten at ved auka omsorg bidreg dette til eit meir positivt sjølvbiletet (Grue, 1999). Bø og Helle (2002) definerar omsorg med omtanke, det å ta vare på, gi stell eller pleie. Det grunnleggande ved omsorg er å verne og arbeide for eit verdig liv. Mangel på omsorg kan i yttarste konsekvens føre til at den trengande dør. Det å vere trengande og å ha behov for andre er allmennmenneskeleg, og denne sida ved menneska gjer seg gjeldande gjennom livet (Henriksen og Vetlesen, 2000).

Ei mogleg årsak til at foreldra si grad av omsorg i ungdommar sitt liv verkar inn på sjølvbiletet kan vere at omsorgsfulle foreldre er lydhøyre og involvert i dei unge sitt liv. Dei tek problem og spørsmål frå ungdommane på alvor, og gir reaksjonar og attendemeldingar som er med på å avkrefte og styrke den unge sine vurderingar og avgjersler. I tillegg er familiar som er kjenneteikna av varme, akseptering og forståing med på å fremme danning av identitet og ego-utvikling i ungdomsåra (Nilsson og Lühr, 1998).

For funksjonshemma ungdom ser ein at foreldre som er overbeskyttande er forbunde med eit dårlegare sjølvbiletet. Desse ungdommane er ofte meir avhengig av hjelp og forholda må ofte leggast betre til rette for dei enn kva dei må til funksjonsfrisk ungdom. Det kan vere lett for foreldre til funksjonshemma unge å ordne opp meir enn nødvendig. Grunnen til dette kan vere at dei ønskjer å skjerme barnet, eller fordi dei ikkje har tiltru til at barnet kan handtere problemstillinga på eiga hand, sjølv etter at ein er inne i ungdomstida. I nokre tilfeller skjer det at den funksjonshemma unge vert verande i ei barnerolle grunna overbeskyttande foreldre. Dette kan komme av at dei ikkje har fått tilstrekkeleg med sjansar til å bygge opp eit sjølvbiletet. For foreldra kan det vere ein vanskeleg balansegang å gi hjelp på ein slik måte og i eit slikt omfang at det ikkje fører til at dei vert overbeskyttande (Nilsson og Lühr, 1998).

Funksjonshemma ungdom gir uttrykk for at jo mindre involvert foreldra er i deira venner, jo dårlegare sjølvbiletet har ein. Forklaringa på dette kan vere at ei oppleving av foreldra si manglande interesse for kven ein er med, kan reflektere mangel på interesse for det livet ein lev utanfor familien. Sidan dette kun har betydning for funksjonshemma ungdom kan dette komme av at foreldra generelt sett er meir betydingsfulle i funksjonshemma unge sine liv (Grue, 1999).

4.4 HOLDNINGAR OG DISKRIMINERING

Forfattarane Knøsen og Krokan (2003) hevdar at menneske med funksjonshemmingar er dei mest diskriminerte minoritetsgruppene i det norske samfunn i dag. I alle kulturar lever mytane om dei som er annleis enn "det normale". Vrangførestillingar om andre sine liv og eigenskapar og frykt for det framande. Gjennom til dømes mannsjåvinistiske tradisjonar, rasistiske miljø og heteroseksuelle normer blir det skapt mytar som bryt ned toleranse, og som byggjer barrierar mellom menneske. Det er mytane om "dei andre" som gjev næring til fordommane våre. Dette er fordommar som gir oss påskot til den bevisste og ubevisste undertrykking ein påfører dei som avviker frå det ein ser på som "normalt". Fordommane vert retta mot individet sine biologiske eigenskapar som kjønn, hudfarge, legning og kroppslege defektar. Grunna desse eigenskapane blir identitetskrisa eit faktum, og ein blir forsøkt opplærd til å betrakte seg sjølv som problemet (Knøsen og Krokan, 2003).

Det er på tide å skifte fokus, på tide å sjå at problemet ikkje ligg i individet, men i holdningane, i kulturen og i politikken. Funksjonshemma personar vert ikkje betrakta som likeverdige i vårt samfunn og i vår kultur. Det er derfor dei er funksjonshemma hevdar Knøsen og Krokan (2003). Framleis blir tusenvis av norske borgarar vist til eigne bustader, arbeidsplassar og skular for funksjonshemma, fordi norske heimar og jobb- og undervisningsmoglegheiter ikkje er tilrettelagt for alle. Sjølv offentlege transportmidlar er ikkje tilgjengeleg for alle i samfunnet. Mange har vanskar med å komme inn i forretningar, kulturinstitusjonar, restaurantar og offentlege kontor. Trapper hindrar åtgang, smale dører gir ikkje adgang, og tusenvis får ikkje nytte seg av informasjonstilbodet fordi den blir formidla slik vi alltid har vore vant til, tileigna dei fleste men ikkje alle. Det er ikkje noko som skjer ein sjeldan gang, tvert imot blir funksjonshemma utsett for slik behandling dagleg og systematisk. Dette skjer i Noreg, verdas rikaste land. Den offentlege forvaltninga og det private næringsliv får uhindra lov til å fortsette å gi sine tilbod og tenester på ein slik ekskluderande måte. På denne måten vert menneske med funksjonshemmingar hindra likeverdig deltaking og samfunnsengasjement, slik blir dei segregert, slik har dei mista sine demokratiske rettar og slik blir dei fråteken si verdigheit. Alt dette er med på å diskriminere ei stor gruppe av den norske befolkninga. På internettsidene til Norsk Handikap Forbund (www.nhf.no) kan ein lese historier om diskriminering som funksjonshemma sjølv har skrive inn. Her fortel dei på sin eigen måte korleis holdningar blant medmenneska og tilrettelegginga i samfunnet tydeleg er med på å diskriminere.

Tidlegare sa ein at det skuldast mangel på kunnskap, fråver av politisk prioritering og mangel på samfunnsøkonomiske ressursar. I dag veit ein at det er kunnskapar nok om ein berre vil ta erkjenninga inn over seg. Diskriminering let seg ikkje rettferdiggjere ut frå verken mangel på prioritering eller pengar (Knøsen og Krokan, 2003).

Frå 1. januar 2006 tredde det i kraft eit nytt offentleg apparat i Noreg som skal arbeide for likestilling og mot diskriminering. Apparatet vil bestå av Likestillings- og diskrimineringsombodet og Likestillings- og diskrimineringsnemnda, som vert oppretta med heimel i den nye diskriminerings- og tilgjengelegheitslova som vart vedteken av Stortinget i mai 2005. Denne lova sitt formål er å sikre likeverd og fremme like moglegheiter til samfunnsdeltaking for alle uavhengig av funksjonsevne, og å hindre diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne. Lova skal bidra til nedbygging av samfunnsskapt funksjonshemmende barrierar, og hindre at nye blir skapt (NOU 2005 :8). Alle grunnlag for diskriminering, som kjønn, religion, livssyn, hudfarge, nasjonal eller etnisk opprinning, politisk tilknytning, seksuell orientering, funksjonshemming og alder skal bli sikra merksemd av det nye ombodet. Ombodet skal håndheve likestillingslova, diskrimineringslova, arbeidsmiljølova sitt likebehandlingskapittel og diskrimineringsforboda i bustadlovene (www.odin.dep.no).

4.5 MINE TANKAR KRING TEMAET

Etter å ha lest og arbeida med temaet har eg fått forståinga av at det er svært individuelt kva grad den fysiske funksjonshemminga har innverknad på livet til dei som har ein slik diagnose. For nokre funksjonshemma ungdommar har diagnosen liten innverknad på deira liv. Den kan ha både nokre positive og nokre negative konsekvensar, som andre hendingar i livet. For andre ungdommar med funksjonshemmingar har den altomfattande betydning. Dei oppfattar seg som menneske definert ut frå diagnosen. Dersom dette er tilfelle vil det ha stor betydning for utvikling av sjølvbiletet og sjølvoppfatninga til den unge. Eg har fått forståinga av at det ofte er i ungdomsåra at den vanskelege prosessen startar med å lære seg å akseptere at ein ikkje er som andre, i ein alder der ein nettopp er oppteken av å vere ein blant dei likeverdige. Sjølvbiletet til den enkelte vert i stor grad prega av press og reaksjonar frå samfunnet. Dei fleste ungdommar bryr seg om kva andre meiner om dei, og det er viktig for dei å handle og vere som andre på sin alder.

Ungdom med funksjonshemningar må takle dei ekstra utfordringane det er å leve med eit handikapp, sjølv om dette kan vere vanskeleg å akseptere for mange. Dei må godta å leve med ein kropp som avvik frå det idealiserte kroppsbiletet, godta at dei er avhengige av hjelp frå andre og godta at dei ikkje kan ta del i alle aktivitetar saman med sine jamgamle. På ei anna side skal ein ikkje forlange at dei til ei kvar tid skal vere tapre og fornøgde med tilværet. Dei må få kunne setje krav og seie korleis dei ynskjer ting. I tillegg meiner eg det er viktig at andre menneske prøver å setje seg inn i deira situasjon. Ein skal i alle fall ikkje forandre sine holdningar og oppføre seg annleis ovanfor for dei, fordi dei har ein funksjonshemming. Eg meiner òg det er viktig å ikkje stigmatisere gruppa funksjonshemma ungdom. Bø og Helle (2002) forklarar stigmatisering som det å stemple eller utpeike ein person eller ei gruppe som spesiell. Ofte vert personar tilskriven eit eller anna negativt avviksteikn.

Noko av det eg trur har størst innverknad på funksjonshemma ungdommar sitt sjølvbilete er det å ofte vere avhengig av andre menneske. Sjølv om dei fleste tykkjer det er flott å kunne hjelpe, kan dette føre til at den unge funksjonshemma føler seg til bry og hjelpelaus. Eit døme kan vere ungdommar som må bærast ned trappene på ein utestad fordi det ikkje er heis tilgjengeleg. Dei som arbeidar der synest mest sannsynleg at det er kjekt å hjelpe til, medan ungdommen sjølv føler seg til bry, og vil helst kunne klare seg på eiga hand. Eg opplevde også ein gong at venninna mi spurte meg om eg kunne klappe hunden hennar som låg på golvet ved sida av henne. Ho hadde ikkje moglegheit til å komme ned til han frå der ho sat, så det var fint om eg ville gjere det for ho. Hugså eg følte veldig synd i henne i denne situasjonen.

5.0 AVSLUTNING

Denne oppgåva har belyst temaet ungdom og funksjonshemming. Grunnlaget for oppgåva var problemstillinga; ”Ein teoretisk studie av fysisk funksjonshemma ungdom i Noreg med hovudvekt på sosial tilknytning og sjølvbilete”.

Ungdomstida kan vere ei utfordrande tid for den unge. I løpet av denne perioden skal ein gå frå å vere barn til vaksen, der ein forbereder seg på eit sjølvstendig liv med dei rettar og plikter som dette inneber. I tillegg til dei fysiologiske endringane som skjer i kroppen, må

unge med funksjonshemningar òg førehalde seg til dei utfordringane dette medfører, ofte er dei i ein meir komplisert livssituasjon enn anna ungdom.

Ungdom med funksjonshemningar har som regel eit større behov for hjelp og vert difor meir avhengige av foreldra sine. Familien må representere ei trygg havn og ein arena som gir rom for refleksjon og bearbeiding av inntrykk og kjensler. Skulen i vårt samfunn er ein av ungdommane sin viktigaste sosiale arena og møteplass med jamgamle. Funksjonshemma ungdom er kunnskapsmessig godt integrert i skulen, noko som kan komme av at dei ikkje har same tilgang til sosial samhandling på skulen som andre og dermed kompenserar for dette gjennom auka vektlegging av dei områda dei deltek på. Samhandling med jamgamle kan ikkje overvurdeast. Samværet opnar for særigne aktivitetar, og representerar arenaer der unge sjølv utviklar reglar og rammer for samhandling utan innblanding frå vaksne. Desse arenaene vil ha betydning i forhold til moralutvikling og utvikling av likeverdige sosiale relasjonar.

Grad av foreldreinvolvering har betydning for sjølvbiletet til den unge. Det er viktig at foreldra til funksjonshemma ungdom gir meirbeksytting utan at dei er overbeskyttande. Dersom ein trivast godt på skulen og føler at ein taklar dei utfordringane som er, aukar den unge sitt sjølvbiletet. Utsjånaden er med på å avgjere kor godt nøgd ein er med seg sjølv. Dersom ein er nøgd vil ein òg få eit betre bilete av seg sjølv. Funksjonshemma ungdom må i mange tilfelle takle å ha ein kropp og eit utsjånad som avvik frå det idealiserte kroppsbiletet ungdom massivt møter i vår kultur. Menneske med funksjonshemningar er ei gruppe som vert utsett for diskriminering grunna andre sine holdningar, noko som kan true sjølvbiletet til den enkelte. Dette viser at det er ein multifaktorell årsakssamanheng til kor godt sjølvbiletet ein har.

Som vernepleiarstudent har arbeidet med denne oppgåva vore ein svært lærerik prosess. Eg har fått auka kunnskap i forhold til temaet ungdom og funksjonshemning. Dette vil vere nyttig når eg kjem ut i arbeidslivet. Eg vel å avslutte med eit dikt som kan fortelje ein del om det å vere ung med funksjonshemning og kva tankar dei kan ha om framtida.

”Jeg er så redd for fremtiden
Jeg vet ikke om jeg får noen jobb
Du tror ikke at jeg klarer noe fordi jeg er funksjonshemmet
Du sier bare at jeg har det bra
Jeg kan jo få førtidspensjon
Du mener jeg skal sitte hjemme og være snill og stille
Da slipper du alt besvær
Men vi er mange som vil gjøre noe
Nå skal du og andre høre på hva vi har å si
Vi vil ikke ha noen førtidspensjon
Vi vil ha meningsfulle jobber”

Katarina Jo, (norsk versjon).
(Lagerheim, 1997).

LITTERATURLISTE:

- Askheim, O.P. (2003) *Fra normalisering til empowerment. Ideologier og praksis med funksjonshemmede.*
Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Bjerke, T. og Svebak, S. (2001) *Psykologi for høyskolen.*
Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Bunkholdt, V. (2000) *Utviklingspsykologi.*
Oslo, Universitetsforlaget.
- Bø, I. og Helle, L. (2002) *Pedagogisk ordbok. Praktisk oppslagsverk i pedagogikk, psykologi og sosiologi.*
Oslo, Universitetsforlaget.
- Duesund, L. (2001) *Kropp, kunnskap og selvoppfatning.*
Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.
- Grue, L. (1998) *På terskelen. En undersøkelse av funksjonshemmet ungdoms sosiale tilhørighet, selvilde og livskvalitet.*
Oslo, NOVA.
- Grue, L. (1999) *Funksjonshemmet ungdom og livskvalitet.*
Oslo, Ad Notam Gyldendal.
- Hatland, A., Kuhnle, S. og Romøren, T.I. (2001) *Den norske velferdstaten.*
Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Henriksen, J.O. og Vetlesen, A.J. (2001) *Nærhet og distanse. Grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker.*
Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.

Jacobsen, D.I. (2000) *Hvordan gjennomføre undersøkelser. Innføring i samfunnsvitenskapelig metode.*

Kristiansand, Høyskoleforlaget.

Knøsen, E. og Krokan, A.K. (2003) *Den tause diskrimineringen. Nytt fokus på funksjonshemming.*

Oslo, Kommuneforlaget.

Lagerheim, B. (1997) *Et annerledes liv. Vekst og trygghet i familier med funksjonshemmede barn.*

Oslo, Grøndahl og Dreyers Forlag AS.

Lühr, E. og Nilsson, B. (1998) *Ungdomstid, funksjonshemming, løsrivelse.*

Oslo, Kommuneforlaget.

Markussen, E. (2000) *Menneskeverd. Funksjonshemmet i Norge.*

Oslo, Gyldendal Norsk Forlag AS.

Wehn, I. og Sommerschild, H. (1991) *Når funksjonshemmede barn blir ungdommer.*

Stavanger, TANO.

Offentlige publikasjoner:

Lov om grunnskolen av 13. juni 1969, nr.24.

St.meld. nr. 23 (1977-78) om Funksjonshemmede i samfunnet.

Regjeringens Handlingsplan for funksjonshemmede 1990-1993, Sosial- og helsedepartementet, Oslo.

NOU 2005:8 Likeverd og tilgjengelighet.

www.odin.dep.no

(Besøkt 25. januar 2006).

www.nhf.no

(Besøkt 7. februar 2006).